



Hordaland Fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Att: Fung. fylkesordfører Pål Kårbø

Vår ref.: PU20170503-5

Dykkar ref.:

Voss, 3. mai 2017

Kommentar til omlegging av takst og rabattsystemet for Vossapakken

Me syner til Statens vegvesen sitt brev av 31.03 d.å. med tittel "Omlegging av takst og rabattsystemet for Vossapakken".

Det er forståelig at det vert innført eit felles takst og rabattsystem som skal gjelde for heile landet. Dette vil gjere det enklare å utvikle eit godt sentralsystem, og det vert meir oversiktlig for bilistane. Ulempa er nok at eit slikt felles system kan gjere det vanskeligare å få gjennom lokale prosjekt som krev lokaldemokratiets aksept.

For Vossapakken så skal inntektene bli uendra som følgje av overgangen. Det er heller ikkje venta at kostnadene vert særleg påvirka som følgje av ein overgang.

Vossapakken har meldt sin interesse for å motta årlege tilskot på kr 8 mill. Eit krav for å få dette er blant anna at selskapet gjennomfører ei omlegging av takst og rabattsystem slik Statens vegvesen har lagt fram. Dette tilskotet vil kome bilistane til gode gjennom ein reduksjon av bompengetaksten med ca 10%.

Det som kanskje er den største utfordringa rundt takstomlegginga er omfordelinga som skjer mellom "den lokale trafikanten" og "gjennomgangstrafikanten". For personkjøretøy som i dag har 50% rabatt så kostar ein passering kr 21,50 med dagens sats. Etter ei omlegging, og inkludert tilskotsrabatten, vil alle passeringer med personkjøretøy som har brikke i bilen koste kr 32 pr passering. Dette er ein auke på 48,8%. Ettersom dei aller fleste lokale bilister har rabattavtaler i dag, så vil desse måtte betale betydelig meir etter ei omlegging. Ettersom dette skal være provenynøytralt, så vil det være nokon som får redusert sine takster. Dei som får redusert sine takster er gjennomgangstrafikanten. Mange av desse betaler i dag full pris, medan dei etter ei omlegging vil få redusert taksten med 25,6%. Effekten vil altså være at dei lokale trafikantane med dagens rabattar betaler for takstreduksjonen til gjennomgangstrafikanten.

Det er ikkje styret i Voss og omland bompengeselskap AS som bestemme om denne omlegginga i takst og rabattsystem skal gjennomførast. Det er fylkestinget i Hordaland og kommunestyra til eigarkommunane som må godkjenne ei slik omlegging. Styret vil følgje opp det vedtak som vert fatta derifrå.

Skulle nokon av eigarane trenge meir informasjon frå selskapet så tek det kontakt med dagleg leiar Arild Rogde. Kontaktinformasjon: 928 00 848 / arild.rogde@accountor.no



VOSS OG OMLAND
BOMPENGESELSKAP AS

Med venleg helsing
Voss og omland bompengeselskap AS


Arild Rogde
Daglig leiar

Likelydane brev sendt til:
Voss kommune, Postboks 145, 5701 VOSS
Granvin herad, Postboks 13, 5733 GRANVIN
Vaksdal kommune, Konsul Jepsensgate 16, 5722 DALEKVAM
Vik kommune, Postboks 134, 6891 VIK I SOGN